



Retningslinjer for hoppid.no-midlane - støtte til avklaring av forretningsidear.

1. Generelt om hoppid.no – avklaringsmidlar

Formål:

hoppid.no – avklaringsmidlar skal bidra til målet om fleire og betre nyetableringar i Møre og Romsdal.

hoppid.no – avklaringsmidlar skal hjelpe nyetablerarar å gjennomføre enkle, men avgjerande, aktivitetar for å avklare vidare satsing.

Økonomisk ramme, tildeling og forvaltning:

Midlar til hoppid.no – avklaringsmidlar kan løyvast årleg frå fylkeskommunen sine regionale utviklingsmidlar. Samla beløp og fordeling til hoppid.no kommunar vert bestemt politisk i eiga sak i Kultur-, næring- og folkehelseutvalet.

Ramme til hoppid.no – avklaringsmidlar blir fordelt på kommunar som har gyldig partnerskapsavtale i hoppid.no.

Ramma blir fordelt til kommunane etter følgjande modell:

1. Eit likt grunnbeløp til kvar kommune
2. Restbeløp fordelt etter tal innbyggjarar i kommunane.
3. Tilleggsøyving til kommunar med særleg høg arbeidsløyse.

Ramma blir forvalta av den kommunen har gitt rolle som hoppid.no-kontor, som også har vedtaksmynde for tildeling. Saksbehandlinga skal følgje forvaltningslova.

Rapportering og utbetaling:

Rapportering for kvart år skal sendast kompetanse- og næringsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune innan 25. januar påfølgande år. Rapporten skal innehalde opplysningar om forbruk, mottakar av tilskot og resultat. Rapportering skal skje via hoppid.no si digitale plattform.

Utbetaling krev at rapportering for føregåande år er motteken og godkjend. Ubrukt ramme kan overførast til neste år. Dersom ein kommune over tid akkumulerer tildelte midlar, eller nyttar midlane i strid med retningslinjer for bruk, vil tildeling bli redusert. Ubrukte midlar kan flyttast over til ein annan kommune eller til andre hoppid.no-kontor i kommunen etter søknad til Møre og Romsdal fylkeskommune.

Møre og Romsdal fylkeskommune kan når som helst få innsyn i kommunane si forvaltning av hoppid.no – avklaringsmidlar.

2. Enkeltvedtak – tildeling av midlar til nyetablerarar

Målgruppe

Etablerarar med forretningsidear i ein tidleg fase. Tilskotet skal nyttast til aktivitetar som kan avklare organisering, marknadspotensiale, lønsemd, og andre spørsmål som kan avgjere vegval og framdrift for bedriftsetableringa.

Tilskotsgrunnlag:

Grunnlag for vedtak om tilskot er framlagt budsjett, som viser utgifter som må betalast for aktivitetar innanfor formålet for ordninga.

Beløp:

Det kan gjevast inntil 30 000 kroner i tilskot per forretningside.

Rapportering frå tilskotsmottakar:

Tilskotsmottakar skal dokumentere utgifter i høve til budsjett som var grunnlag for tilskotet, og skildre resultat av tiltaket.

Utbetaling:

Den som har vedtaksmynde avgjer utbetalingstidspunktet.

Vedtatt av Kultur-, næring- og folkehelseutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune 15.03.2022.